

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Toknedal.

Emne: Veving.

Bygdelag: Torbygda

Oppskr. av: Ola E. Thusaas,

Gard: Thusaas

(adresse): Toknedal.

G.nr. 34 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I.

1. Til ysterkler åt menn var det helst vadmel som var brukt. Det var tykt stoff av hel ull, og i eldre tid var også garnet spunnet heime. Vadmellet vart vevd 3-skaft, da vart det altså dobbelt så mykje renning over vestingstråden som under.

2. Til ysterkler åt kvinner var og brukt tøy av hel ull, men det var då brukt grunnare garn og vevd 2-skaft, med like mykje renning på bae sider åt vestinga. Denne vevemåten ga tynnare tøy enn var ein vor 3-skaft.

3. a) Til undertøy til menn var brukt halvulltøy til undertøy og underbukse. Renninga var da av bomull og vestinga av ull. Det var vevd 4-skaft. Til jente

2

var det i eldre tid brukt lin,
det var då brukt både som
renning og vefning; då det var sterkt.
slag vart det ved 2-skaft. I
mer yngre tid vart det så brukt
bomullsgarn til veving av sjorteloret.
Det vart vevd både 2-skaft og
4-skaft eller kor sterkt og tjukt
ein ville ha loyet.

6) Kvinnfolka brukte jo og av same
loj som sjorteloyet til korane, til
serk, smøreliv og bukse. I eldre
tid var det av lin, seinare av
bomull.

4. Så langt eg veit var singomking
ikkje brukt her.

5. Til bolstervar, putvar og lakur
vevde dei ofte av lin, og det var
helst 2-skaft. Men seinare var
ein ikkje hadde lin lengre, vart det
brukt bomull og då helst 2-skaft.

6. Dei vovt og dukar av lin, det var
og helst 2-skaft.

7. Likvinn vov dei handklær

8. Det var mykje brukt å veva
åklær her. Til det var det brukt
lin til renning, og likvinn til
botvefning. Den andre vefninga var
farga ullgarn. Her var det brukt
flere skaft eller som mønstre var.

Hvis det ønskes, kan jeg prøve å skaffe bilder av åkla mønstre.